



Fyresdal kommune
Avdeling for bygdeutvikling

Vår ref:
2011/1426-6

Sakshandsamar:
Ragnhild M Berge,35067125

Arkivkode:
U60

Dato:
20.12.2011

Til aktuelle høyringspartar

Høyring om utkast til forskrift med heimel i serveringslova § 15, om opnings og stengetider i Fyresdal kommune.

Kommunestyret vedtok i møte 15.12. 2011,sak 93/11 å legge utkast til forskrift med heimel i serveringsloven § 15, om opnings og stengetider for serveringsstader i Fyresdal kommune,ut på offentlig høyring.

Fyresdal kommune vedtok 11. mars 1982 vedtak om nye forskrifter for opnings og stengetider ved serveringsstader i Fyresdal kommune. Forskrifta avløyste forskrift av 16. desember 1964. Forskrifta har fylgjande ordlyd:

Fyresdal kommunestyre innfører fylgjande stengevedtekter for serveringsstader:

- a) Serveringsstader innan Fyresdal kommune skal vera stengde frå kl.23.00-07.00
- b) Påske, pinse, jol og nyttårskveld skal serveringsstader vere stengde frå kl.17.00
- c) Serveringsstader som drivast i samanheng med offentlege samkome/tilstellingar med politiløyve, kan haldast opne fram til den fastsette stengjetida for vedkomande samkome/tilstelling.
- d) I samband med slutta lag kan serveringsstader haldast opne fram til kl.02.00.
- e) I spesielle høve kan det gjevast løyve ut over dei i pkt. a-d nemnde tider.

Brot på denne vedtekta vert straffa etter straffelovas § 339.

Så langt sakshandsamar kjenner til er ikkje desse opnings og stengetidene blitt praktisert i Fyresdal kommune. I tillegg vart det i Heilskapleg Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Fyresdal kommune vedteke nye alkoholpolitiske retningsliner for Fyresdal kommune med skjenketider frå kl.10.00 til kl.02.00. Dette samsvarar dårleg med opningstidene til serveringsstadene som etter forskrift av 29. juli 1982 har lov til å ha ope mellom kl.07.00 og kl. 23.00.

Kommunestyret vedtok i møte 15.12.2011 nytt forslag til forskrift om opnings og stengetider for serveringsstader i Fyresdal kommune.

Serveringsstader innan Fyresdal kommune skal vera stengde måndag tom søndag frå kl.02.00 til kl.07.00

Opningstidene gjeld også påske-pinse, jol og nyttårskveldar og for servering inn i lokale og ute servering

Opningstidene gjeld ikkje servering ved overnattingsstader til overnattingsgjester.

Forskrifta avløyser forskrift av 29.07. 1982.

Høringsfristar:

Høringsuttaler sendast Fyresdal kommune innan 13.02. 2012. Send gjerne uttala pr e-post til postmottak@fyresdal.kommune.no

Vidare sakshandsaming:

Innkomne forslag vil bli oppsummert, og med bakgrunn i desse vil ein kome med ei endeleg tilråding til Kommunestyret for utforming av forskrift. Kommunen sender deretter vedteken forskrift til Lovdata for offentlig kunngjering.


Ein gjer merksam på § 15 tredje ledd i serveringsloven:

Vedtak om å innskrenke åpningstidene fastsatt etter kommunale forskrifter kan tidligst tre i kraft tre måneder etter at vedtaket er truffet.

Dersom det ikkje kjem nokon forslag innan fristen vil høyringsforslaget bli endeleg vedteke av Kommunestyret.

Høyringsdokument kan lastast ned frå www.fyresdal.kommune.no. Dokumenta blir og lagt ut på sentralbordet på Fyresdal kommune og Fyresdal Folkebibliotek.

Med helsing


Ketil O. Kiland
Rådmann


Ragnhild Berge
Konsulent

Vedlegg:

Handsaming i kommunestyret 15.12.2011

Forslag til forskrift med heimel i serveringslova § 15, om opnings og stengetider i kommunar FOR-1982-07-29-1264 (Forskrift om opnings og lukningstider for serveringssteder i Fyresdal kommune, Telemark

LOV -1997-06-13-55 Lov om serveringsvirksomhet (serveringsloven)



Saksframlegg

Ny forskrift om opnings og stengetider for serveringsstader i Fyresdal kommune

Utval	Utvallsak	Møtedato
Kommunestyret	93/11	15.12.2011

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka: LOV-1997-06-13-55

Lov om serveringsvirksomhet (serveringsloven).

Vedlegg:

- 1 Forskrift om opnings-og lukningstider for serveringssteder i Fyresdal kommune, Telemark frå 29.07 1982

Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommune vedtok 11. mars 1982 vedtak om nye forskrifter for opnings og stengetider ved serveringsstader i Fyresdal kommune. Forskrifta avløyste forskrift av 16. desember 1964. Forskrifta har fylgjande ordlyd:

Fyresdal kommunestyre innfører fylgjande stengevedtekter for serveringsstader:

- a) Serveringsstader innan Fyresdal kommune skal vera stengde frå kl.23.00-07.00
- b) Påske, pinse, jol og nyttårskveld skal serveringsstader vere stengde frå kl.17.00
- c) Serveringsstader som drivast i samanheng med offentlege samkome/tilstellingar med politiløyve, kan haldast opne fram til den fastsette stengjetida for vedkomande samkome/tilstelling.
- d) I samband med slutta lag kan serveringsstader haldast opne fram til kl.02.00.
- e) I spesielle høve kan det gjevast løyve ut over dei i pkt. a-d nemnde tider.

Brot på denne vedtekta vert straffa etter straffelovas § 339

Vurdering:

Så langt sakshandsamar kjenner til er ikkje desse opnings og stengetidene blitt praktisert i Fyresdal kommune. I tillegg vart det i Heilskapleg Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Fyresdal kommune vedteke nye alkoholpolitiske retningslinjer for Fyresdal kommune med skjenketider frå kl.10.00 til 02.00. Dette samsvarar dårleg med opningstidene til serveringsstadene. Etter forskrift av 29.juli1982 har serveringsstedene lov til å ha opne mellom kl.07.00 og kl.23.00.

Serveringslova § 15 opnar for at kommunen i forskrift kan fastsette opningstider for dei serveringsstadene som ligg i kommunen.

§ 15. Opningstider

Kommunen kan i forskrift fastsette opningstider for de serveringsstadene som ligger i kommunen.

Kommunen kan, når særlige grunner førleiger, gjøre unntak frå gjeldande åpningstidsbestemmelser for det enkelte serveringssted.

Vedtak om å innskrenke åpningstidene fastsatt etter kommunale forskrifter kan tidligst tre i kraft tre måneder etter at vedtaket er truffet.

Kommunen kan ved enkeltstående anledninger gi tillatelse til å lukke senere eller åpne tidligere enn til de tider som er fastsatt etter første eller andre ledd. Når en innehaver av skjenkebevilling får innvilget søknad om utvidet skjenketid ved enkeltanledninger etter alkohollovens § 4-4, innebærer dette samtidig at åpningstiden er utvidet tilsvarende.

Åpningstider fastsatt etter første, andre eller fjerde ledd gjelder ikke servering ved overnattingssteder til overnattingsgjester.

Konklusjon:

Med heimel i Serveringslova § 15 som opnar for at kommunen i forskrift kan fastsette opningstider for dei serveringsstadene som ligg i kommunen vedtek Fyresdal kommune fylgjande stengevedtekter for serveringsstader slik at dei samsvarar med opningstidene for skjenking av alkohol men med utvida opningstid på 3 timar.

Opningstidene blir då som fylgjer:

- Serveringsstader innan Fyresdal kommune skal vera stengde måndag tom søndag frå kl. 02.00 til kl.07.00

Opningstidene gjeld også påske, pinse og nyttårseftadagar og for servering inne i lokale og ute servering.

Opningstidene gjeld ikkje servering ved overnattingsstader til overnattingsgjester.

Forskrifta avløyser forskrift av 29.07 1982.

Forslaget blir lagt ut på høyring før endeleg vedtak.

Innstilling frå rådmannen:

Forslaget til ny forskrift blir lagt ut på høyring

- Serveringsstader innan Fyresdal kommune skal vera stengde måndag tom søndag frå kl. 02.00 til kl.07.00

Opningstidene gjeld også påske, pinse, jol- og nyttårskveld og for servering inne i lokale og ute servering.

Opningstidene gjeld ikkje servering ved overnattingsstader til overnattingsgjester.

Forskrifta avløyser forskrift av 29.07 1982.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2011

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2011

Forslaget til ny forskrift blir lagt ut på høyring

- Serveringsstader innan Fyresdal kommune skal vera stengde måndag tom søndag frå kl. 02.00 til kl.07.00

Opningstidene gjeld også påske, pinse, jol- og nyttårskveld og for servering inne i lokale og ute servering.

Opningstidene gjeld ikkje servering ved overnattingsstader til overnattingsgjester.

Forskrifta avløyser forskrift av 29.07 1982.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Ragnhild M Berge
	konsulent



Fyresdal kommune
Avdeling for bygdeutvikling

Vår ref:
2011/1426-3

Sakshandsamar:
Ragnhild M Berge,35067125

Arkivkode:
U60

Dato:
19.12.2011

Ny forskrift, forslag, om opnings og stengtider for serveringsstader i Fyresdal kommune

- Serveringsstader innan Fyresdal kommune skal vera stengde måndag tom søndag frå kl. 02.00 til kl.07.00

Opningstidene gjeld også påske, pinse, jol- og nyttårskveld og for servering inne i lokale og ute servering.

Opningstidene gjeld ikkje servering ved overnattingsstader til overnattingsgjester.

Forskrifta avløyser forskrift av 29.07 1982.